

**Grøn trivsel  
ved psykiatri-boligane  
Gro Kolstad**

**16.07.2015**

**Manger helselag  
v Bjørg Skiftesvik**

## **2015:**

**"No behøver me ikkje skjemmast meir",  
sa ein av bebuarane,  
då me i juli hadde lagt utover 7 tonn singel ved psykiatri-boligane. (Og endå er det  
behov for meir!)**

Dessverre er det likevel meir "å skjemmast over", bl a den vanstelte kommunale myra, som alle bebuarane har midt i synet frå stovene sine. - Korleis det går å ignorera slikt uhorveleg vanstell, går langt over min forstand, men i eit forsøk på "å stengja myra ute", har me i år sett ned 17 Tuja, som forhåpentlegvis vil tena si hensikt om nokre år. (Egentleg er det behov for det dobbelte.)

I tillegg er det planta Rhododendron og Buskbom. Nokre plantar kjøpt, resten henta frå Manger sentrum, der det var behov for uttynning. I alt har 11 flotte Rhododendron no blitt pynt for bebuarane, etter å ha gjort nytte for Kongen, i si tid. – Dette i samråd med teknisk etat og Frantzen Blomster.

Det har gått med store mengder jord og gjødsel, blomsterfrø har blitt sådd og er no planta ut, Bengalakk kjøpt til arva hagemøblar, som no ser anstendige ut, pluss at både roser, bjørnebær etc som var planta i fjor, står i fin vekst.

Som nevnte bebuar også har uttrykt det: "No ser det ut som det bur folk her." (!)

**Uten økonomisk støtte kunne lite blitt gjort,  
derfor TUSEN TAKK  
for bidrag i år også!**

- Alle kvitteringar, kontouttak etc er tatt vare på, både for i fjor og i år, og kan leggjast fram om det er behov for det.

Takk nemleg helsing

frå GRO.

Kopi  
til J. Sandal